

Eksamen

05.06.2019

HHO2003 Hest og hestehald / Hest og hestehold

Programområde: Heste- og hovslagerfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: fôranalyse
Vedlegg som skal leverast inn	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåva, må du beskrive og grunngi vala du gjer. Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysingar på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte

Situasjonsskildring

Du har hesten din ståande på eit ridesenter som driv med privat oppstalling. Hesten er ei 12 år gammal hoppe av rasen varmbloods ridehest. Du bruker hesten på eit nivå som svarer til lett trening. Hoppa veg 600 kilo og er drektig i 9. månad.

Oppgåve 1

Hoppa går inn i siste del av drekta. Du innser at det er nødvendig å endre fôrplanen hennar for å sikre at ho og følet får det dei treng fram til folinga.

- a) Berekn kva hoppa treng av energi, protein og tørrstoff, og sett opp ein fôrplan med utgangspunkt i analysen av grovfôret. Sjå vedlegg 1.
- b) Kva er det viktig å ta omsyn til med tanke på fôringa av ei drektig hoppe gjennom heile drekta?
- c) Korleis vil du legge opp fôringa fra følling til avvenning av følet?
- d) Du har fått i oppdrag av stalleigaren å utarbeide nye fôringsrutinar i stallen. Korleis vil du utarbeide desse for å dekke dei naturlege behova til hestane på best mogleg måte?

Oppgåve 2

På stallen din har det komme inn ein ny hest som skal stå oppstalla. Etter eit par dagar oppdagar du at hesten har både feber og høgare puls og respirasjon. Han har òg litt snørr og hostar ein del.

- a) Skildre kva tankar du gjer deg rundt det du har oppdaga, og korleis du vil handtere situasjonen vidare.
- b) Forklar korleis du i løpet av eit år sørger for å vareta helsa til hesten din gjennom vaksining og parasittbehandling.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: fôranalyse
Vedlegg som skal leveres inn	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne valgene du gjør.</p> <p>Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og begrunne dine synspunkter og forslag til løsninger på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte

Situasjonsbeskrivelse

Du har hesten din oppstallet på et ridesenter som driver med privat oppstalling. Hesten er en 12 år gammel hoppe av rasen varmlblods ridehest. Du bruker hesten på et nivå som tilsvarer lett trening. Hoppa veier 600 kilo og er drektig i 9. måned.

Oppgave 1

Hoppa går inn i siste del av drektigheten. Du innser at det er nødvendig å endre fôrplanen hennes for å sikre at hun og føllet får det de trenger fram til føllingen.

- a) Beregn hoppas behov for energi, protein og tørrstoff, og sett opp en fôrplan med utgangspunkt i analysen av grovfôret. Se vedlegg 1.
- b) Hva er det viktig å ta hensyn til med tanke på føringen av en drektig hoppe gjennom hele drektigheten?
- c) Hvordan vil du legge opp føringen fra følling til avvenning av føllet?
- d) Du har fått i oppdrag av stalleieren å utarbeide nye fôringsrutiner i stallen. Hvordan vil du utarbeide disse for å dekke hestenes naturlige behov på best mulig måte?



Oppgave 2

På stallen din har det kommet inn en ny hest som skal stå oppstallet. Etter et par dager oppdager du at den har både feber og forhøyet puls og respirasjon. Den har også litt snørr og hoster en del.

- a) Beskriv hvilke tanker du gjør deg rundt det du har oppdaget, og hvordan du vil håndtere situasjonen videre.
- b) Forklar hvordan du i løpet av et år sørger for å ivareta helsen til hesten din gjennom vaksiner og parasittbehandling.

Vedlegg 1: fôranalyse

Analyse	Resultat	Enhet	Metode
* Tørrstoff	85.8	%	Norfor 60°C
* Aske	39	g/kg TS	Spektofotometri (NIR)
* Protein	77	g/kg TS	Spektofotometri (NIR)
* NDF	522	g/kg TS	Spektofotometri (NIR)
* Råtvler	274	g/kg TS	Spektofotometri (NIR)
* Sukker	134	g/kg TS	Spektofotometri (NIR)
* FEh, FôrenhetHest	0.48	Forenhet Hest/kg Fôr	Kalkulering
* FEh, FôrenhetHest	0.56	Forenhet Hest/kg TS	Kalkulering
* Kvalitetsklasse	H3		Kalkulering
* Mengde fôr/FEh	2.1	kg	Kalkulering
* Fordøyelig protein	32	g/kg Fôr	Kalkulering
* Fordøyelig protein	37	g/kg TS	Kalkulering
* Fordøyelig protein/ FEh	67	g/Forenhet Hest	Kalkulering



www.vigoiks.no/eksamen